

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Representantskapet

MØTEBOK

Møtedato: 03. mai 2018, kl. 13.00

Møtestad: Lerstadvegen 545, 4. etg. i SKS IKS sine lokalar

Møtet vart leia av Torgrim B. Finnes.

Elles til stades:

Jonas Falch, Stordal, Gunnar O. Morsund, Giske, Gudmund Relling, Norddal, Rolf Bergmann, Sykkylven, Sigrid Eidsvik, Haram, Svein Ove Søholt, Sandøy, Helge Kvame, Stranda, Rolf Liebich, Skodje, May Sissel Osvik, Ørskog, Reidar F Jørgensen (vara), Ålesund

= **11 voterande**

Forfall: Ronny Blomvik, Sula og Robin Sørлие, Misund.

Frå styret møtte styreleiar Inge Gjørde, nestleiar Terri-Ann Senior, og styremedlem Dag Oksnes.

Frå administrasjonen møtte:

Dagleg leiar Bjørn Tømmerdal og advokat Kjetil Kvammen

Fylkesmann Lodve Solholm ga ei orientering om kommunereforma i Møre og Romsdal.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sak 01/18 Godkjenning av møtebok frå møte 19.10.2017

Representantskapet sitt samrøystes vedtak:

Møteboka frå møte 19. oktober 2017 blir godkjent.

Sak 02/18 Rekneskap 2017 – Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 4. april 2018

Representantskapets sitt samrøystes vedtak:

Representantskapet godkjenner rekneskap 2017 for Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS med eit overskot på kr. 94.707,-

Medlemmane Gudmund Relling og Gunnar Morsund bad om protokolltilførsel på fylgjande punkt:

Dagleg leiar's årslønn skal spesifiserast i årsrekneskapen.

Sak 03/18 Erfaringsutveksling frå kontrollutvala

Kvar leiar ga ei orientering kring status i eige utval. Orienteringane blei tatt til vitande.

Sak 04/18 Diverse orienteringar frå dagleg leiar

Dagleg leiar Bjørn Tømmerdal ga ei orientering rundt sekretariatet sitt medlemskap i FKT (Forum for kontroll og tilsyn). Orienteringa blei tatt til vitande.

Møtet vart avslutta kl. 15.35

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS